



Mo kyrkje



Skafså kyrkje



Eidsborg stavkyrkje



Høydalsmo kyrkje



Lårdal kyrkje

*Kyrkjelydsblad for Tokke prestegjeld
Nr. 1-2006 - Årgang 20*

KYRKJELYDEN



Velkomen til eit nytt nummer av kyrkjelyden...

Nå er det rett før påska, og vi ser fram til ferie og tid til å vere mykje saman med familie og venner.

Sola har alt vist si kraft og styrkje i mars månad, og ber bod om tidleg vår og sumar.

Påska er tida der mange går i kyrkja. Vi vil oppmoda dykk til å bli med på gudstenestane og vere ein del av fellesskapet.

Påska er tida der vi på ei unik måte gjennom salmer og tekstar får høyra evangeliet om frelsa og forsoninga i Jesus Kristus.

I dette nummeret av kyrkjelyden har vi som vanleg ulikt stoff, og vil gjerne ha respons tilbake om det er bra eller dårleg.

Dei nye sokneråda er kome godt i gang, og tek gjerne imot innspel til kyrkjelyden sitt arbeide.

Svein Sannes Martinsen har hatt konfirmantane dette året, og har gjort ein særskild god jobb. Er sikker på at konfirmantane er godt fornøgde.

Vi gler oss til konfirmasjonane i dei ulike kyrkjene. Det er høgtid for konfirmantane, familiane deira og for oss.

Då vil vi her frå redaksjonen ynskje dykk alle ein fin og triveleg vår.

Svenning Jørgensen

Redaktør:
Svenning Jørgensen

Med god hjelp frå:
Eilev Erikstein

Formgjeving:
Ove Kjell Huvestad.

Gåver til "Kyrkjelyden"
kan betalast inn på
bankgirokonto
2685 07 06947

Kyrkjekontoret i Tokke
Tlf 350 77 188
Fax 350 77 052

E-post:
soknepresten@tokke.kommune.no
kyrkjeverja@tokke.kommune.no
kyrkjekontoret@tokke.kommune.no

Postboks 94
3886 DALEN

Kontoret er ope:
Måndag, tysdag, onsdag, torsdag
og fredag - kl. 0900-1330.

Vikarprest Marthinsen, Svein Sannes	- mobilt.	971 52 812
Fung. prost Jørgensen, Svenning	- mobilt.	909 76 719
Prostidiakon Erikstein, Eilev	- mobilt.	911 13 580
Kyrkjeverje Huvestad, Ove Kjell	- mobilt.	908 77 188
Organist Radziej, Zbigniew,	- mobilt.	412 71 930
Organist Lamsodis, Robertas	- mobilt.	970 97 475

Ein brutal Elija – og ein lidande Messias?

Vi nærmar oss påske, men har nettopp no hatt preiketekst om profeten Elija på Karmel. Der var det skikkeleg religionskamp. Israelittane hadde lærte Jahve å kjenne, den eine, verkelege Gud, som frelste dei ut av trålekår. Men folket var svikefulle. Stadig vart dei freista til å ta del i gudsdyrkinga til nabofolka: Dei hadde så mange spennande og tradisjonsrike seremoniar, med forestillingar om mange gudar som låg i kamp med kvarandre. Slik hadde vi det også før i vår norrøne tru, med mange spennande legender. Kanskje israelittane følte det vart litt kjedeleg med bare ein einaste Gud? Nabofolka hadde også mange pirrande seksuelle ritual i si religiøse dyrking av det fruktbare.

Men Elija var trufast og modig. Han tok kampen opp – på den eine Guds vegne, mot dei 450 profetane for Ba'al-gudane. Han håner og ironiserer over dei (1 Kong 18): Svarer ikkje Ba'al? "Han er vel fallen i tankar, eller er han gått for seg sjølv?" – Det siste var visst ein uttrykksmåte dei kunne bruke for å gå på do! 7 år seinare står det forresten at kong Jehu gjorde eit Ba'al tempel om til ein do. (2 Kong 10.27)

Elija viste for alle at Israels Gud seira suverent. Han var den sanne Gud, alt anna var tomt dikt. Og Elija gjorde kort prosess med avgudsprofetane: Alle vart drepne!

Denne siste reaksjonsmåten liknar på muslimske haldningar, slik vi opplever det i dag – med drap og vald og heilag krig i namnet til religionen. Vi vil som kristne seie at dette er ein tankegang vi har gått bort ifrå. Det er gamaltestamentleg eller muslimsk ekstremisme. For oss er det eit heilt anna ideal som samlar våre tankar i denne tida: **Ein lidande Messias** som

snart rid inn på arenaen! Ein som ikkje slo igjen når andre slo. Ein som aldri greip til rå og primitiv våpenmakt. Men som berre kjempa med åndelege våpen, med ord, med handlingar, med sanninga rett ut, utan skilnad på høg eller låg.

Elija vart tatt opp til himmelen ved ei eldvogn. Jødane har tenkt at han vil vende tilbake ein gong, som ein slags Messias. Og det er vel menneskeleg å tenke at det er slik Gud vil vise seg, ved å slå alle motstandarane flate, vise musklar og ytre makt. Kven kan bli overbevist av ein Messias som står der håna og forslått, med tornekrone om panna? Ein som på sin eigen kropp og med bøygdygg rygg må tole den menneskelege vondskapen og hånlege flir?

Trua på ein slik Messias har tronge kår. I Israel, mellom jødane sjølv – dei har no forresten sjølv fått lide i såkalla kristne land og av prestar som har klaga dei for å vere Jesu mordarar. Jødane har mange gonger opplevd at kristne har gripe til maktmidlar som kan minne om Elija. Muslimar ærar Jesus som profet, men er vel totalt framande for denne lidande Messias som vi no vil møte i tekstene i kyrkja denne tida.

Vi kan også bli freista til å ønskje brutale og harde reaksjonar innimellom. Knuse, slå flate, hemne, torturere. Men det er ikkje dette som er Guds kall til oss. Jesus gjorde det veldig klart for disiplane: **"Vil nokon følgja etter meg, må han seia nei til seg sjølv, ta krossen sin opp og følgja meg. For den som vil berga livet sitt, skal mista det. Men den som mistar livet sitt for mi skuld, han skal finna det."** (Matt. 16.14)

Ein lidande Messias – kva betyr det egentleg for oss?

Vikarprest Svein Sannes Marthinsen

KONFIRMANTLEIR - TROVASSLI 2006



Foto: Kristi Skålid



27.-29. januar var 18 konfirmantar frå Tokke samla til leir på Trovassli. Veret var strålende, og dei hadde mykje moro. Vi ser her nokre glimt av vikarprest Svein Sannes Marthinsen og konfirmantane i lek og undervisning. Svein har ansvaret for konfirmantundervisninga i Tokke dette året.



Foto: Olav Bjørn Bakken



OG VINNAREN ER....

Arthur Haugen frå Ausheia i Tokke fekk søndag 26.mars 2006 “Diakoniprisen” for Vest-Telemark. Dette skjedde under Diakonisamlinga for Vest-Telemark i Rauland kyrkje.

I grunngeving for å gjeva prisen til Artur Haugen heiter det:

Arthur Haugen har drive sundagsskule i 40 år både på Åmdals Verk og i Austheii kvar søndag så sant det ikkje var messe. Kwart av barna opplevde seg som verdifulle. Barna vart glade i han, og han vart høgt respektert av foreldra. Arthur er eit “ja” menneske. Når han får ein takk for det gode arbeidet han gjer, seier han det er han som må få takke.

Arthur er glad i menneske, og han har ei utstråling som formidlar varme. Han er stadig på farten med trekkspilet og spreier glede i mange samanhengar som t.d. pensjonist-treff. Arthur er primus motor for ei musikkgruppe som syng og spelar på møte kring om i bygdene, og dei fer svært vidt. På Torshaug, som er bedehuset i Austheii, der Arthur bur, nyt dei godt av den blide og “varme” karen som trufast møter opp med trekkspilet.

Arthur høyrer til misjonsforbundet, men har alltid meint at kyrkjeleg samarbeid med det fine ordet økumenikk er viktig.

Prisen vart delt ut for 13.gong. Artur Haugen er den fyrsten frå Tokke som får prisen. Denne prisen vert delt ut av Diakonitet i Vest- Telemark, eit samarbeid mellom sokneråda i Tokke, Vinje, Nissedal, Fyresdal og Kviteseid.

Tidlegare Diakoniprisvinnarar

- * Gotfred Rekkebo (post mortem)
- * Vest-Telemark Blad
- * Kirkens SOS i Telemark
- * Nattcaféen i Treungen
- * Anna Midtgård, Kviteseid
- * Kari Veum, Nissedal
- * Bjørn Hove, Møsstrand
- * Kirsti og Magne Skjæveland, Kviteseid
- * Diakonitenesta for skogsleiren i Fyresdal
- * KFUM-speidarane i Vinje og Edland
- * Waldenstrøm Kafe, Kviteseid
- * Oddvar Ripegut, Søgne



PILEGRIMEN

*- ei kulturhistorisk vandring
frå Vest-Telemark til Røldal*



**29.juni til 7.juli
2006**



Frå mellomalderen og inn på 1800-talet gjekk det føre seg ein årleg valfart frå Telemark til Røldal. Målet var krusifikset i Røldal stavkyrkje. Legenda fortalde at kvar jonsok sveitta krusifikset, og sveitten var undergjerande. Folk strøymde til frå inn- og utland for å bli lækja. Røldal var på denne tida det nest største pilegrimsmålet i landet. Bare Nidaros var større.

Vår tids pilegrimsvandring vil gå i fotspora til dei tidlegare pilegrimane langs dei gamle ålmennavegane mellom Vest-Telemark og Røldal. Vandringa vil gå i variert natur, gjennom bygder og over høg fjell. Dei lokale sogelaga sine representantar vil vere kjentmenn og førarar på turen. Dei vil ikkje bare leie deltakarane gjennom det fysiske landskapet, men og gjennom kulturen og historia langs vegen. Det vil bli spesielle markeringar ved dei kyrkjene pilegrimane passerar på vegen vestover.

Pilegrimen er ein tur for både kropp og sinn, eit kvilerom med plass til ro og ettertanke. Det er ei vandring og eit møte, ikkje berre med vakker natur og interessante soger, men og med menneske ein kanskje elles ikkje ville ha møtt.

Natur og kultur vil gå hand i hand, og vandringa passar for alle, anten målet er den indre reisa eller den kulturhistoriske.

Prostidiakonen i Vest-Telemark vil vere med på vandringa. Han vil stå for daglege tekstmeditasjonar som vil bli haldne ute i naturen eller i kyrkjene





Turen startar den 29.juni frå kyrkjene i Seljord og Kviteseid og blir avslutta i Røldal stavkyrkje den 7.juli, gamaljonsok.

Pilegrimsvegen er omlag 20 mil lang. Dagsetappane vil vere mellom 10 og 23 km lange, og terrenget vil variere frå dag til dag. Om ein vil gå alle dei ni dagsetappane eller bare eit stykke av vegen, er opp til kvar einskild.

Etappane:

29/6: Seljord/Kviteseid - Morgedal

30/6: Morgedal - Øyffjell

1/7: Øyffjell - Åmot

2/7: Åmot - Mjonøy

3/7: Mjonøy - Edland

4/7: Edland - Botn


5/7: Botn - Haukeliseter

6/7: Haukeliseter - Svandalsflona

7/7: Svandalsflona - Røldal

Kvelden den 7.juli startar årets pilegrimsarrangement i Røldal. Det blir kyrkjekonsert, messer, seminar og kveldsvandring.





Vandrarane ber med seg ein liten dagstursekk, resten av bagasjen vil bli transportert med bil fram til neste overnattingsstad.

Arrangementet er gratis, men deltakarane må betale for mat og innkvartering.

*For informasjon og påmelding:
Vest-Telemark Museum
Eidsborg
3880 Dalen*

*Tlf.: 35077331 / 90964581
E-post: ugh@vest-telemark.museum.no
www.pilegrimen.com / www.vest-telemark.museum.no*

Dei som vil gå einskilde dagsetappar bør ringe for å avtale møtestad.

Sikring av taket i Eidsborg



Eidsborg stavkirke har store skader i takkonstruksjonen. Taket må derfor sikres. I 2006 skal spon og deler av takbordene demonteres og en ny konstruksjon legges over den gamle for å sikre bæringen av takrytteren.

Taket blir på den måten noen centimeter tjukkere. Dagens konstruksjon kan på dermed stå videre uten at noen inngrep må gjøres i sperrebindene som har skadene.

Riksantikvaren samarbeider med kirkevergen, håndverkere fra Telemark og Vest-Telemark museum og det blir anledning til å følge deler av arbeidet for publikum.



Ny spon kløyves og telges til før de legges på taket i sommer. Utvalget av trevirket til sponen er viktig for det skal være al og rettvokst slik at det blir godt å kløyve. Taket skal tjærebres med milebrent tretjære slik man opprinnelig gjorde på stavkirkene.

Foto: Ellen Devold, Riksantikvaren

Publisert 13. januar 2006 © Riksantikvaren

Direktoratet for kulturminnevern, Dronningensgate 13, 0034 Oslo.



Triveleg songkveld i Høydalsmo kyrkje

Mange hadde møtt fram då Høydalsmo og Lårdal sokneråd skipa til songkveld i Høydalsmo kyrkje den 19.mars.

Ein hadde vald ut songar frå salmeboki der Ludvig Mathias Lindeman (1812-1887) hadde komponera melodiane.

I tillegg til 10 allsongar, framførde Ingeborg Fangel Mo 4 songar, og Zbigniew Radziej batt det heile saman musikalsk på sin frami-frå måte.

Steinar Lundeberg heldt eit forvitneleg kåsera om komponisten Lindeman i to bolkar, der han understreka Lindeman sin store tyding for kyrkjemusikken i Noreg.

Det var songen og tonane som fekk bera bodskapen om Jesus Kristus inn i hjarto denne kvelden:

Kom, Frelsar, kom inn

Og lys du din fred i vårt hjarta og sinn!

Ja, tolk med din kjærleik det levande ord,

Så vert denne staden ein himmel på jord!

Då livet til kvardags får helgedagsskrud

i møte med Gud.

Anne-Lise Bakken hadde pynta kyrkja og leia kvelden, medan Svenning takka det heile av.



Svenning Jørgensen - Steinar Lundeberg

Anne-Lise Bakken - Zbigniew Radziej - Ingeborg Fangel Mo

KONFIRMANTJUBILEUM 14.11.2004

LÅRDAL OG HØYDALSMO



Gunnulf Mostaul Kjetil Aalandslid Arnfinn Kjell Nordahl Bjørghild Gerd Nygård Aslaug Bjerk f. Sandvik
Marie Heggem Sætaberget f. Årneshaugen Agnes Marie Strandskogen f. Hovden Signe Andy Aa Torbjørg Hovden Åsne Djuve Edland (51-års konf.)

TRENG DU KYRKJESKYSS TIL EIDSBORG, MO, SKAFSÅ ELLER DALEN?

Da kan du ringe til Bjørg Abusland, tlf. 35 07 72 32 el. 95 10 92 45 eller til kyrkjekontoret (tlf. 35 07 71 88). Du kan og ringe og seie ifrå dersom du alt ein fredag eller laurdag har faste planar om å køyre til kyrkja eller kommunehuset på gudsteneste og har plass til fleire i bilen.

Eg har prøvd å organisere kyrkjeskysstidlegare som ein del av diakonjobben min, og no prøver eg altså igjen.

Samstundes vil eg nytte høvet til å takke alle som støtta prøveprosjektet eg har hatt som klokkar/kyrkjetenar og sjukeheimsdiakon på Dalen.

Eg held fram i denne 30% jobben, no med fast støtte frå Tokke kommune. Det meste av arbeidstida

brukar eg til å gå på besøk, mest til sjuke og gamle. Er det nokon som gjerne vil ha besøk, kan dei ringe og seie ifrå om det også!

Helsing Bjørg Abusland

Årsrapporten frå Prostidiakonen for 2005 ligg føre. Slik heiter det i oppsummeringa av året:

Sist år er det gjennomført over fem hundre og femti samtaler og besøk. Prostidiakonen arbeider m.a. med organisering av sorggrupper- eller Leva-Vidare-grupper som det heiter. Fem slike grupper har vore i sving. Her har det vore med fem friviljuge gruppeleiarar, og 25 deltakarar. Gjennom Leva-vidare-grupper, diakoniutval, sokneråd, økonomirådgeving og diakonitenesta for skogsleiren i Fyresdal, er over seksti friviljuge engasjerte.

Nokre vakre sommandagar fekk eg vera med på å gå pilegrimsvandring gjennom Vest-Telemark. Eg kom heim glad og stolt over måten pilegrimane vart møtt på. Rein diakoni, kan ein kalle det. Ein har halde fram med innsatsen i skogsleiren. Det handlar å gjeva tilbod til dei innsette personlege samtaler. Jolegudstenesta - i skogsleirlavoen med innsette, visitorar og tilsette samla kring eit bål, sette dei gamle evangelieorda inn i ein rett samanhang.

I november arrangerte Diakoniatet eitt nytt verdiseminar . Vinje kommune har kome til som medarrangør. Tema var i år ”...meir enn du gav, fekk du att..”, og handla om friviljug arbeid i Vest-Telemark. M.a. deltok generalsekretæren i Kirkens Nødhjelp, Atle Sommerfeldt. Før jul vart det nok ein gong delt ut oppmuntringspakkar til nokon som kunne trenge det. Oppmuntrande var òg arrangementet på Kommunehuset i på Dalen på joleftan. Her inviterte kommune og kyrkje til felles feiring. 57 menneske deltok. Utfordringa vil alltid vera at diakonien engasjerer friviljuge. Gjer ein eit raskt overslag over medarbeidar i Vest Telemark diakonien, kan ein rekne med at dei utgjer tre til fire årsverk. Frå 01.01.06 er Seljord lagt til Vest-Telemark prosti. Men samarbeidet mellom felleråda i Tokke, Nissedal, Kviteseid, Fyresdal og Vinje om prostidiakonstillinga endrast ikkje. Prosti- og prestegjeldsgrenser er ikkje avgjerande for godt samarbeid innan kyrkja. Likevel tyder endringa at prostidiakonomgrepet går ut av historia etter 20-års bruk, og Vest-Telemark Blad overskrifta stemte likevel ikkje heilt. Elles er talet på besøk og samtaler i Tokke på vel 170.

Heile Årsrapporten er å finne på:
www.tokke.kommune.no

SLEKTERS GANG

DØYPTE

Mo

Maria Solberg
(døypet i Høydalsmo kyrkje)



DØDE

Skafså

Tor Helge Haugan
Olav Fles



Mo

Gunnar Lurås
Sigrid Midjås
Rikard Moen

Eidsborg

Tone Hellstrand

Lårdal

Endre Tho
Ragnhild Dagny Neverdalen

Høydalsmo

Torvald Solberg
Mari Johanne Førstøyl
Signe Vaa (gravlagt Rauland kyrkjegard)
Bjarn Gunvald Nygård

GUDSTENESTER I TOKKE PRESTEGJELD

APRIL 2006 - JUNI 2006

Sundag 2. april – 5.s. i faste

Skafså kyrkje kl. 11

Gudsteneste

Svenning Jørgensen

Årsmøte etter gudstenesten

Lårdal kyrkje kl. 19

Gudsteneste

Svenning Jørgensen

Årsmøte etter gudstenesten

Tysdag 4. april – FASTEAKSJONEN

Sundag 9. april – Palmesundag

Ikkje gudsteneste i Tokke

Torsdag 13. april – Skjærtorsdag

Eidsborg stavkyrkje kl. 19

Gudsteneste

Svein Sannes Marthinsen

Dåp

Fredag 14. april – Langfredag

Eidsborg stavkyrkje kl. 19

Gudsteneste

Svein Sannes Marthinsen

Laurdag 15. april – påskeeftan

Eidsborg stavkyrkje kl. 21

Påskenattsgudsteneste

Bernt Olav Karlsen

Sundag 16. april – 1.påskedag

Lårdal kyrkje kl. 11

Gudsteneste

Svenning Jørgensen

Måndag 17. april – 2.påskedag

Ikkje gudsteneste i Tokke

Sundag 23. april – 1.s.e. påske

Mo kyrkje kl. 11

Gudsteneste

Svenning Jørgensen

Høydalsmo kyrkje kl. 19

Gudsteneste

Svenning Jørgensen

Sundag 30. april – 2.s.e. påske

Lårdal kyrkje kl. 10

Gudsteneste

Svein Sannes Marthinsen

Kommunehuset, Dalen kl. 19

Gudsteneste

Svenning Jørgensen

Måndag 1. mai

Ikkje gudsteneste i Tokke

Onsdag 3. mai

Skafså kyrkje kl. 18

Overhøyingsgudsteneste

Svein Sannes Marthinsen

Svenning Jørgensen

Torsdag 4. mai

Lårdal kyrkje kl. 18

Overhøyingsgudsteneste

Svein Sannes Marthinsen

Svenning Jørgensen

Sundag 7. mai – 3.s.e. påske

Mo kyrkje kl. 11

Gudsteneste

Svenning Jørgensen

Sundag 14. mai – 4.s.e. påske

Eidsborg stavkyrkje kl. 11

Konfirmasjonsgudsteneste

Svein Sannes Marthinsen

Dåp

Lårdal kyrkje kl. 11

Konfirmasjonsgudsteneste

Svenning Jørgensen

Onsdag 17. mai – Grunnlovsdag

Høydalsmo kyrkje kl. 11

Gudsteneste

Svenning Jørgensen

Lårdal kyrkje kl. 13

Gudsteneste

Svenning Jørgensen

FULLDISTRIBUSJON

Returadresse:
KYRKJELYDEN
Postboks 94
3886 DALEN

Sundag 21. mai – 5.s.e. påske

Skafså kyrkje kl. 11

Konfirmasjonsgudsteneste
Svein Sannes Marthinsen

Torsdag 25. mai – Kristi himmelfartsdag

Rui-plassen i Eidsborg kl. 16.30

Friluftsgudsteneste
Svein Sannes Marthinsen

Sundag 28. mai – 6.s.e. påske

Mo kyrkje kl. 11

Konfirmasjonsgudsteneste
Svein Sannes Marthinsen

Høydalsmo kyrkje kl. 11

Konfirmasjonsgudsteneste
Svenning Jørgensen

Sundag 4. juni – Pinsedag

Lårdal kyrkje kl. 11

Gudsteneste
Svenning Jørgensen
Kor-vitjing

Måndag 5. juni – 2.pinsedag

Skafså kyrkje kl. 17

Gudsteneste
Svein Sannes Marthinsen

Sundag 11. juni – Treenighetssundag

Ikkje gudsteneste i Tokke

Sundag 18. juni – 2.s.e. pinse

Sjå nærare lysing i V.-T. Blad

Sundag 25. juni – 3.s.e. pinse

Høydalsmo kyrkje kl. 11

Gudsteneste
Svenning Jørgensen



Sjukeheimsdiakonen vår,
Bjørg Abusland, fyllte
60 år laurdag 18. mars.

Me gratuler!

